

- * Solenergidagane ein suksess
- * Solenergianlegg fritekne for investeringsavgift
- * Møte med Stortingspolitikarar 16. mars

- * Solenergiseminar i Trøndelag
- * ISREE 2000, 15. - 17. juni
- * SunDay 2000, 18. juni

Solgløtt

Nyhetsbrev fra
Norsk solenergiforening
Årg. 2 Nr. 2 April 2000

Solenergidagane 2000 ein suksess

Solenergidagane 2000 vart avvikla 28.-29. februar. Dei 80 deltakarar som var med fekk med seg eit tettpakka og variert program. Seminaret vart opna av dåverande statssekretær Erlend Grimstad som orienterte om norsk satsing på nye fomybare energikjelder. Sjølvom mykje er kjent politikk, fekk han annonsert at solenergianlegg endeleg er fritekne for investeringsavgift, på lik linje med annan ny energiteknologi.

Foredraga utover ettermiddagen den 28. viste mykje av breidda og potensialet for det som foregår innan norsk solenergiteknologi. Ved fleire høve vart det påvist at norsk teknologi har eit bra utgangspunkt for å nå fram på den internasjonale marknaden. Presentasjon av prosjektet til Hedmark Energi på Finnskogen og SolarNor sin installasjon av solvarmeanlegg på Klosterenga viser at interessa for solenergi også er veksande i vårt land.

Gourmetmiddagen i Enøksenteret om kvelden var ein perfekt arena for grundige diskusjonar, uhøgtidleg passiar og etablering av nye kontakter.

Den andre dagen var fokus retta mot kva som kan gjerast for å fremme bruken av solenergi gjennom tilrettelegging av energipolitikk og informasjonsarbeid. Innlegga av gjesteforedragsholdarar frå Nederland og Danmark viste at styresmaktene i våre naboland er langt meir progressive i å legge til rette for utnytting av solenergi, enten det er solvarme eller el-produksjon. Men vi har interessant lokale initiativ i Norge, for eksempel i Vestfold, der Enøksenteret er i ferd med å dra i gang kampanjen "Solfylket Vestfold".

Ein ekskursjon til USBL sitt nye anlegg på Klosterenga avslutta seminaret. Her har SolarNor installert ein solkollektor på 240 m², samt at fasaden består av ein dobbel glasvegg slik at passiv solvarme også blir utnytta effektivt. Det nye bustadkomplekset er no innflyttingsklart.

Solenergidagane skapte også interesse utanfor det vanlege teknologimiljøet. Det populære radioprogrammet *Nitimen* hadde eit innslag om solenergi i beste sendetid den 28. februar.

Fritak for investeringsavgift

Finansdepartementet fastsatte i begynnelsen av mars forskrift om fritak for investeringsavgift for solenergianlegg og geovarmeanlegg. I fjor fikk andre fomybare energikilder et lignende fritak. De nye bestemmelsene for solenergianlegg og geovarmeanlegg vil gjelde fra 1. juli 1999. De er tatt inn i en forskrift av 6. april 1999 som omhandler fomybare energikilder som vindkraftanlegg, bioenergianlegg, varmpumper og fjernvarmeanlegg. Forskriften finnes på Finansdepartementets nettsider under Skatter/avgifter, Forskrifter. Adressen er: www.finans.dep.no.

Dette viser at det nytter å arbeide opp i mot det politiske miljøet. Norsk solenergiforening har helt siden den første forskriften ble vedtatt, påpekt det urimelige forhold at solenergi, som er den mest miljøvennlige energikilden ikke skulle inkluderes i fritaket for investeringsavgift.

Selv om bare en liten del av solenergianleggene som blir installert er underlagt investeringsavgift i utgangspunktet, er dette prinsipielt sett et skritt i riktig retning.

Informasjonsmøte om vannbåren varme

Stortingets energi- og miljøkomite var invitert til ein open paneldebatt om tilrettelegging for bruk av vannbåren varme den 16. mars i Håndverkeren konferanse-senter i Oslo. Tittelen for møtet var "Hvordan får vi 10 TWh vannbåren varme innen 2010?"

Representantar frå AP, H, FrP, V og SV var tilstades. Møtet vart sjølvstøtt prega av regjeringsskiftet som nettopp hadde skjedd, og det var i periodar vanskeleg å halde debatten unna gasskraftspørsmålet.

Mange moment som pregar marknadssituasjonen for varmeproduksjon til vannbårne system vart likevel debattert. Det er likevel vårt (Norsk solenergiforening, red. merk.) inntrykk at det er framleis viktig å formidle vår innsikt til dei politiske styresmaktene. Det er brei politisk semje om at det skal byggast ut vannbårne system, men ikkje alle er klar over virkemidla som skal til for å oppnå måla og dei mekanismane som påverkar utviklinga.

Møte vart arrangert av Norsk Fjernvarmeforening, Norsk Bioenergiforening, Norsk solenergiforening, Varmeinfo, Norsk Varmeteknisk forening, Norsk VVS og Norsk Petroleumsinstitutt. Møteleiar var Ottar Monsen frå NRK.

Solenergiseminar i Trøndelag

Den 11. april arrangerte Enøksenteret i Nord-Trøndelag evalueringsseminar om "Barlia veksthus - kombinert solfanger og skyggeanlegg". Erfaringane frå dette solenergi prosjektet vart belyst og diskutert og deltakarane fekk orientering om vidareføringa av prosjektet. Sjølvom anlegget har hatt nokre barnesjukdommar har ein oppnådd gode resultat, med betydeleg redusert energiforbruk samanlikna med referanse-veksthuset ved sidan av. Det gjev grunnlag for å fortsetje utviklingsarbeidet. Anlegget vart presentert i Caddet News nr. 3/99 (<http://www.caddet-re.org/html/399art2.htm>) og har vekt ein del interesse internasjonalt. Ta kontakt med Enøksenteret i Levanger eller Varmeinfo i Oslo for å få vite meir.

EU sine nye hjemmesider om nye fornybare

Hjemmesiden www.agores.org ble lansert tidligere denne måneden, og har alt om EU's satsing på fornybare energikilder på ett sted; programmer, prosjekter, Campaign for Take Off, personer, institusjoner, bedrifter, nasjonale policies, linker.... Hjemmesiden fylles fortløpende med informasjon og mye er allerede på plass. En rekke norske linker er lagt inn.

Sentralt i satsingen er Altener-programmet og Campaign for Take Off (CTO). Les mer om CTO, og din organisasjons mulighet til å være med og bidra. Informer gjerne også de rette personene i din organisasjon om denne hjemmesiden.

Påmelding til ISREE 2000, 16. - 17. juni

Konferansen om utdanning på fornybar energi nærmar seg. Det er no påmeldt over 100 paper frå meir enn 40 land.

Programmet begynner å ta form. Dette blir eit veldig bra symposium. Oppdatert informasjon ligg til ei kvar tid på heimesidene til ISREE, på <http://www.dalen.vgs.no/isree2000/> Legg spesielt merke til programmet på Supertorsdagen 15. juni:

David Mills, tidlegare president i den internasjonale solenergiforeninga, grunnjev kvifor utdanning er viktig ved introduksjon av fornybare energikjelder: "Introducing Renewable Energy - The Importance of Education".

Frå Worldwatch Institute får vi besøk av ein av dei fremste ekspertane på energisituasjonen i framtida, direktør Christopher Flavin. Han viser kvifor solenergi vil bli den sentrale energikjelda i framtida: "The Sun - The Energy Source for the Future"

Seinare på dagen presenterer Greenpeace Sveits eit sjølvbyggjarprosjekt for ungdom.

Påmeldingsfristen nærmar seg. Meld deg på i dag. Skjema finn du på heimesidene til ISREE.

SunDay 2000, 18. juni ved Solli plass



Se vedlagte brosjyre.

Returadresse

Norsk solenergiforening,
c/o Oslo Energi ENØK
Postboks 2481 Solli, 0202 Oslo
Tel.: 88 02 44 66
E-post: solenergi@solenergi.no
Internett: www.solenergi.no

